SOMMERKURS

musikkorps.no

# Raudt kurs Nordfjordeid 2023

Stad: Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid
Dato: 7.-12. august 2023

Her kjem litt informasjon om kurset!



NMF
NORGES MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest

# Velkommen til Raudt kurs Nordfjordeid 2023!

52 musikantar er påmeldt i skrivande stund på raudt kurs. På onsdagen vil det komme 32 nye musikantar til det gule kurset på skulen. Vi gler oss til eit kjempekjekt kurs med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

## Frammøte:
Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid, mandag 7. august mellom klokka 12:00 og 12:45.

## Avslutningskonsert:
Avslutningskonsert på Fjordane Folkehøgskule laurdag 12. august klokka 13:00.

## Opphald:
Innkvartering med sovepose / dyne i senger på to- og tremannsrom.
Deltakarane frå same korps vil så langt som det lar seg gjere bli plassert på same rom.

## Måltid:
Det blir servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. I tillegg lagar dei matpakke til lunsj kvar dag. Det er lov å lage ei ekstra matpakke viss ein trur at ein blir svolten i løpet av dagen. Det er tilsyn av vaksne i personalet heile døgnet. <u>Når de kjem mandag må de ha med matpakke sjølve, så et vi lunsj/blir litt kjent i fellesskap etter alle er innlosjert, før vi begynner.</u>

**Informasjonsmøte for føresette** blir kl 13:15, der vil de få informasjon og kan stille spørsmål.

## Stab:
Musikalsk leiar for kurset er Jostein Kregnes
Leirsjef er Erika Husebø
Leirassistent: Ellinor Lie og Jothika Sivapalan og Verena Bochoun Våge

Resten av staben er:
Treblås: Helga Lied Wyrtz og Ragnhild Benedikte Myrbakk
Kornett: William Anthun og Viljar Bjørsvik Rath
Grovmessing: Sigurd Brevik og Åshild Aagaard-Nilsen
Slagverk: Torgrim Halse og Mathias Hynne Green
Horn: Sarah Strandhus Karlsen

## Fullmaktsskjema
Vedlagt ligg to fullmaktskjema. Eit for faste medisinar og eit for film- og biletegodkjenning. Lever skjemaet i innsjekkskranken når de kjem. Har du gløymt skjemaet har vi nokre ekstra, evt. kan ein føresett sende ein sms av skjemaet til leirsjefen.

## Spørsmål
Under kurset tar de kontakt med leirsjef Erika Husebø på telefon: 920 59 929

I forkant av kurset når ein oss på kontoret til NMF Nordvest på: 982 41 164.
Kontoret er stengt i veke 28-30, men vi les og svarar på e-post innimellom: erlendt@musikkorps.no

NMF
NORGES
MUSIKKORPS
FORBUND
Nordvest

## Pakkeliste

- Feilfritt instrument med tilhøyrande utsyr (muter, fliser etc)
- Notestativ (hugs å merke med namn)
- Sovepose eller dynetrekk + putetrekk og laken
- Skrivesaker
- Handkle
- Skrivebok
- Toalettsaker
- Personlege medisinar
- Klede til uteaktivtet. f.eks ulike ballspel
- Innesko/tøflar
- Drikkeflaske
- Litt lommepengar til ein tur på butikken.

Slagverkarar tek med stikker, køller, øvingspad og skarptromme med stativ.



## Reglement

1. Elevane er forplikta til ei kvar tid å rette seg etter beskjedar som blir gitt av personalet på leiren.

2. Alle fastsette frammøtetider, rosignal, vekke og måltid skal haldast.

3. Elevane skal møte i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen startar.

4. Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan å gi beskjed til leirsjef/ assistent.

5. All bruk av alkohol og andre rusmidlar er forbode.

6. Det skal vere ro på romma mellom 23.00 og 07.00.

7. Energidrikker som Red Bull, Monster ol. er ikkje lov på sommarkurset.

8. Brot på reglementet kan føre til utvisning frå leiren utan tilbakebetaling av kursavgifta.

NMF
NORGES MUSIKKORPS FORBUND
Nordvest